



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/166 - 16/10166

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
18.04.2016

Dispensasjon og løyve til etablering av avløpsanlegg - gbnr 175/16, 175/3, 175/30, 175/31, 175/32 Skår

Administrativt vedtak. Saknr: 199/16

Tiltakshavar: Eigarane av gbnr 175/16, 3, 30, 31, 32
Ansvarleg søkar: Seim Bygg AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad etablering av avløpsanlegg for 5 bustader på gbnr 175/16, 3, 30, 31 og 32. Det er ein ny bustad og 4 eksisterande som skal ha ny felles slamavskiljar knytt til eksisterande utsleppsleidning til sjø på 10 m djupne. Utsleppsløyve er gjeve i **Administrativt vedtak. Saknr: 198/16**

Det vert elles vist til søknad mottatt 15.01.2016 og komplettert 09.03.2016

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanen og frå byggegrensa mot fylkesveg.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 09.03.2016 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF .

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen og frå byggegrensa mot fylkesvegen.

Det er søkt dispensasjon med slik grunningjeving:

VI SØKER DISPENSASJON FRA KOMMUNEPLANENS AREALDEL TILTAK I AREAL AVSATT TIL LNF. (LANDBRUK, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE)

VI SØKER OM Å Plassere 15,5M³ SLAMAVSKILLER 12M FRA FYLKESVEI 401 OG KOBLE OVERVANN INN PÅ EKSISTERENDE Ø110MM LEDNING TIL SJØ SOM GÅR OVER 175/2.

DEN NYE SLAMAVSKILLEREN GIR BETYDELIG HELSE & MILJØ GEVINST FORDI DEN ERSTATTER ELDRE TANKER SOM KAN HA FRAMTIDIGE PROBLEMER MED LEKKASJE.

ANSVARLIG SØKER MENER DET BØR GIs DISPENSASJON ETTER PBL § 19-2 FORDI HENSynet BAK BESTEMMELSENE IKKE BLIR VESENTLIG TILSIDESATT OG AT FORDELENE ER KLART STØRRE EN ULEMPENE VED Å GI DISPENSASJON.

Uttale frå anna styresmakt

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket si art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Statens vegvesen Hordaland har gjeve tilbakemelding om at dei godtek plassering av slamavaskiljar 12 m frå vegmidte.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 29.02.2016



VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at miljøgevinsten ved oppgradering av dårlege avløpsanlegg, at anlegget er nedgrave og at statens vegvesen godtek plasseringa .

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå arealbruk og byggegrense mot fylkesveg i kommuneplanen.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Avtale om plassering av slamavskiljar på gbnr 175/2 er dokumentert.

Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning

Det er lagt fram avtale om tilknytning til eksisterande utsleppsleidning til sjø og om fordeling av kostnader og vedlikehald av anlegg.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen (arealføremål og byggegrense mot fylkesveg) for etablering av avløpsanlegg i samsvar med søknad .

Vedtaket vert sendt til fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt trinn for etablering av avløpsanlegg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 19.11.2015. med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Dei ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.
4. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

5. Avtalar/erklæringar om private rettar og plikter skal tinglysast på dei aktuelle eigedommane, for at dei også skal gjelda for framtidige eigarar.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 16/166**

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

- *Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.*
- *Avløpsanlegget med slamavskiljar, kummar og leidningar skal målast inn før pågraving, og koordinatliste skal leverast med søknad om ferdigattest.*

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Kjell Magne Totland	Seimstranda 339	5912	SEIM
Linda Eirin Skår	Seimstranda 343	5912	SEIM
Linda Næsse	Seimstranda 325	5912	SEIM
Margunn Totland Bakkerud	Seimstranda 341	5912	SEIM
Tommy Kolås og Linda Beate Eide	Seimstranda 342	5912	SEIM

Mottakarar:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------